



HJELMELAND  
Kommune

## Saksframlegg

«Beskrivelse»  
«Paragraf»

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Velde-Johannessen, Leif	K1 - 026	14/468

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
012/17	Formannskapet	PS	31.01.2017
005/17	Kommunestyret	PS	31.01.2017

### KOMMUNESTRUKTUR I RYFYLKE - KONKLUSJON OM VEGEN VIDARE FOR HJELMELAND KOMMUNE ETTER RÅDGJEVANDE FOLKERØYSTING JANUAR 2017

#### Vedlegg:

Kommunestruktur. Kvar går vegen vidare for Hjelmeland kommune?

KOMMUNEREFORM I ROGALAND - OPPSUMMERING OG TILRÅDING - KOPI AV BREV SENDT TIL KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENTET

Intensjonsavtale mellom Strand kommune og Hjelmeland kommune - signert  
Plattform Hjelmeland

KOMMUNEREFORM I ROGALAND - KOPI

Rådgjevande folkerøysting om ny kommunestruktur

#### Forslag til vedtak:

Sak vert lagt fram for konklusjon og vedtak om kva veg Hjelmeland kommune skal gå i sak om kommunestruktur i Ryfylke, etter rådgjevande folkerøysting 24. januar 2017.

Saka er av rein politisk karakter, og rådmannen kjem ikkje med eiga tilråding i saka.

Hjelmeland, den 23.01.2017

Sigve Hia  
Rådmann

Formannskapet - 012/17

#### FSK - behandling:

#### Behandling:

Fellesforslag frå SP, V, Jacobsen/AP og Riskedal/Krf, foreslått av Laugaland, Lill Synnøve, <tittel>



**HJELMELAND  
KOMMUNE**

Vegen vidare for Hjelmeland kommune

Kommunestyret ber stortinget om at Hjelmeland får halda fram som eigen kommune. Kommunestyret i Hjelmeland syner til fylkesmannen i Rogaland si tilråding til kommunal og moderniseringsdep. i brev av 27. Sept 2016 og 16. DES. 2016 Me ber stortinget likevel. Respektere fleirtalet i Hjelmeland si klare meining. Innbyggjarundersøking i mai 2015, folkerøysting 14. Sept 2015, og folkerøysting 24. Jan 2017 syner alle eit klart fleirtal for at Hjelmeland skal halda fram som eigen kommune.

Fellesforslag frå Helgøy/Krf og Høyre, foreslått av Helgøy, Håkon, <tittel>  
Hjelmeland kommune sluttar seg til intensjonsavtalen mellom Strand kommune og Hjelmeland kommune av 16.12.2016.

Dette er også i tråd med tilråding frå Fylkesmannen av 27.9.2016 om endring av kommunestrukturen i Ryfylke, samt brev av 16.12.2016. Det er ein føresetnad at Ryfylke skal bestå av Hjelmeland kommune, Strand kommune og Forsand kommune.

**Røysting:**

Ved røystinga vart dei to forslaga sett opp mot kvarandre.

Fellesforslag framsatt av L. Laugaland (SP):      **Vedteke** med 5 røyster (SP, V, Jacobsen/AP og H. Riskedal/Krf)

Fellesforslag framsatt av H. Helgøy (Krf):      **Vraka** mot 4 røyster (H, Helgøy/Krf og Hauge/AP)

**FSK - vedtak:**

**Framlegg til kommunestyret:**

Kommunestyret ber Stortinget om at Hjelmeland får halda fram som eigen kommune. Kommunestyret i Hjelmeland syner til Fylkesmannen i Rogaland si tilråding til kommunal- og moderniseringsdept. i brev av 27. sept 2016 og 16. des 2016. Me ber Stortinget likevel respektere fleirtalet i Hjelmeland si klare meining. Innbyggjarundersøking i mai 2015, folkerøysting 14. sept 2015, og folkerøysting 24. jan 2017 syner alle eit klart fleirtal for at Hjelmeland skal halda fram som eigen kommune.



HJELMELAND  
Kommune

Kommunestyret - 005/17

**KST - behandling:**

**Behandling:**

Fellesforslag frå Høyre og Helgøy, Halsne, Sopeland/Krf, foreslått av Helgøy, Håkon, <tittel> Hjelmeland kommune sluttar seg til intensjonsavtalen mellom Strand kommune og Hjelmeland kommune av 16.12.2016.

Dette er også i tråd med tilråding frå Fylkesmannen av 27.9.2016 om endring av kommunestrukturen i Ryfylke, samt brev av 16.12.2016. Det er ein føresetnad at Ryfylke skal bestå av Hjelmeland kommune, Strand kommune og Forsand kommune.

**Røysting:**

Ved røystinga vart forslaget framsett av H. Helgøy/Krf sett opp mot framleggget frå formannskapet.

Framlegg frå formannskapet: **Vedteke** med 10 røyster (SP, V, Jacobsen og Gil Westersjø/AP, Ommundsen og Hetland/uavh, Riskedal/Krf)

Fellesforslag framsett av H. Helgøy: **Vraka** mot 9 røyster (H, Helgøy, Halsne og Sopeland/Krf, Hauge/AP)

**KST - vedtak:**

Kommunestyret ber Stortinget om at Hjelmeland får halda fram som eigen kommune.

Kommunestyret i Hjelmeland syner til Fylkesmannen i Rogaland si tilråding til kommunal- og moderniseringsdept. i brev av 27. sept 2016 og 16. des 2016. Me ber Stortinget likevel respektere fleirtalet i Hjelmeland si klare mening.

Innbyggjarundersøking i mai 2015, folkerøysting 14. september 2015, og folkerøysting 24. januar 2017 syner alle eit klart fleirtal for at Hjelmeland skal halda fram som eigen kommune.

**Saksopplysninger:**

**Samandrag**

Rådmannen legg fram sak med resultat frå folkerøystinga, slik at kommunestyret kan gjere endeleg vedtak i saka om ny kommunestruktur.



HJELMELAND  
Kommune

## Fakta

Kommunestyret trefte i sak 071/16, den 11.10.2016, følgjande vedtak:

«*Hjelmeland kommune ynskjer å gå i nye samtalar med Strand kommune og Forsand kommune om eit grunnlag for å danne ein ny kommune i ytre Ryfylke.*

*Ordførar får fullmakt til å kontakte desse kommunane for å avklare vidare prosess.*

*Spørsmål om grensejusteringar vil ein kome tilbake til i seinare saker.*

*Det vert lagt til grunn at ein intensjonsavtale om evt ny kommune skal omfatta alle tre kommunane. Denne avtalen skal ut til rådgivande folkerøysting før kommunestyret tek endeleg avgjerd. I forhandlingane om ein ny intensjonsavtale må utvikling i tettstadene, næringsutvikling i distrikta, ivaretaking av lokaldemokratiet og tenesteyting i heile kommunen bli tema.*

*Det vert lagt til grunn at det i arbeidet med ny intensjonsavtale blir tatt kontakt med sentrale myndigheter for å få ei avklaring på kva oppgåver me skal løyse i framtida.*

*God kommunikasjon og samferdsel er viktig for ein funksjonell ny kommune i søre Ryfylke. For å ivareta dette vil ein jobbe for lang Årdalstunnel og tunnel Epedal - Frafjord.*

*Ordførar får i lag med varaordførar og ein til politikar frå formannskapet + rådmannen og ein tillitsvald fullmakt til å gå i dialog om å laga ein ny intensjonsavtale.*

*Vedtatt oversending til ordføraren/forhandlingsutvalet for vurdering i samband med forhandlingar om ny intensjonsavtale :*

*Deltaking i lokaldemokratiet bygger tillit. Det er ein viktig kapital for lokalsamfunnet og ein kommune. Intensjonsavtalen må prioritera ein struktur for eit framleis aktivt lokaldemokrati. Det kan skje gjennom lokalstyre (jf. bydelsutvalmodellen) som har **uttalerett** i saker som opplagt og direkte gjeld lokal utvikling (skule, barnehage, samfunnsplassering, arealsaker o.l.) og **vedtaksmyndighet** i avgrensa saker. Lokalstyre kan f.ek. disponera budsjettmidler i relevante saker».*

Bakgrunnen for saka og vedtaket var at Fylkesmannen i Rogaland i si tilråding til ny kommunestuktur var klar på at Hjelmeland burde halda fram med arbeidet med å danna ny kommune saman med Strand og Forsand. Etter vedtaket vart det halde fleire møter med Strand, og det vart utarbeidd ei ny intensjonsavtale mellom kommunane rett før jul 2016. Denne avtala var så grunnlag for ei rådgjevande folkerøysting der det vart stilt følgjande spørsmål:



**HJELMELAND  
KOMMUNE**

«Med grunnlag i intensjonsavtala:

Ynskjer du at Stortinget skal vedta ein ny kommune der Forsand, Strand og Hjelmeland vert slegne saman»?

Svaralternativ: JA, NEI eller Veit ikkje.

Folkerøystinga hadde førehandsrøysting på kundesenteret frå og med 6. januar til og med 23. januar. Det vart halde langope ein dag, samt ope nokre timer ein laurdag. I tillegg vart det gjennomført ambulerande røysting på Årdal omsorgssenter og Hjelmeland omsorgssenter. Ordinær røystedag var 24. januar, og det vart då gjennomført røysting i 8 røystekretsar.

Totalt kom det inn 944 røyster, noko som utgjer 44,3% av dei røysteføre i kommunen inkludert 16- og 17-åringar. Resultatet av røystinga vart følgande:

Svaralternativ	Tal røyster	Prosent
JA	436	46,2
NEI	488	51,7
Veit ikkje	20	2,1

### **Vurdering og konklusjon**

Rådmannen viser til referert vedtak ovanfor, vedlagte dokument og tidlegare vedtak, samt resultatet frå folkerøystinga, og legg fram saka til vidare vurdering og eventuelle konklusjonar.